

FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVALG (FAU)

V/ØYSTRE SLIDRE UNGDOMSSKULE

EIN ENGASJERT OG GLAD SKULE!

Velkommen som natteramn

Denne informasjonen er fyst og fremst meint for deg med born på Øsus for fyste gong, men det kan for alle vere fint å friske opp att kva som er føremålet med natteramnordninga.

Å vere natteramn er ei særskilt viktig oppgåve og ikkje minst ein fin måte å bli kjend med ungdommane på. Vi skal bidra til at miljøet ved og rundt Gapahuken ungdomsklubb er trygt og fint for alle som ynskjer å bruke dette som ein sosial arena.

Vakta byrjer kl 18.30 same tid som klubben opnar og held fram til ca kl 22.15. Sidan klubben stenger kl 22.00, er det nødvendig at vi er til stades til alle har vorte henta, og vi kan sjå ungdommane trygt avgarde.

Sjølv om dette er ei frivillig oppgåve, blir det forventa at du stiller opp på den/dei vaktene du er sett opp på evt byter innbyrdes om det er andre kveldar som passar betre. Nytt for året er at vi er fire kvar gong, dette for at ingen skal behøve gå åleine, men i par på to og to. Det er fyst og fremst ute vaktene skal vere, for inne er det personalet på Gapahuken som held orden og tek ansvar.

Inne på klubben ligg det meir detaljert informasjon som det er nyttig at du les, blant anna om kva plassar det er meint du skal oppsøke/gå.

Hugs det er for ungdommane våre vi gjer dette, og akkurat du er viktig for at dei skal kunne føle seg trygge når dei ferda ute ein fredagskveld.

Lukke til med oppgåva😊

Mvh Fau på Øsus